



Samlekveer og sankefeller – eit viktig hjelpemiddel

Forfatter

Håvard Øyrehagen, NSG

Sammendrag

Samlekveer kan oppførast i alle fasongar og storleikar. Før ein startar bygging av eit sorteringsanlegg, stort eller lite, er det viktig å tenkje nøye gjennom korleis anlegget bør utformast for å bli funksjonelt - at vi får mest mogleg igjen for investeringar og nedlagt arbeidsinnsats. I denne artikkelen skriver utmarksrådgiver i NSG Håvar Øyrehagen om planlegging og bygging av sankekve/sorteringsanlegg for sau.

Publisert

2010

Referanse

Sau og Geit nr. 3/2010

Utskriftsdato

03.12.2023 www.fag.nsg.no

Samlekveer og sankefeller – eit viktig hjelpemiddel

Samlekveer kan oppførast i alle fasongar og storleikar. Før ein startar bygging av eit sorteringsanlegg, stort eller lite, er det viktig å tenkje nøye gjennom korleis anlegget bør utformast for å bli funksjonelt - at vi får mest mogleg igjen for investeringar og nedlagt arbeidsinnsats.

Eit stort sankeanlegg er ikkje berre å setje opp kvar som helst. Heller ikkje mindre sankefeller. Dersom det er sett opp på feil plass eller har feil utforming kan det vere totalt ubrukeleg og mykje nedlagt arbeid har vore til fånytt. I verste fall har du gjort

investering i eit anlegg som ikkje blir brukt, og som berre står til nedfalls.

Planlegging er viktig

Ved planlegging av sankeanlegg er det viktig å tenkje gjennom; frå kva retning sauene skal drivast inn i kvea, kor lange bør ledegjerda vere, skal det vere fleire opningar og i tilfelle kor mange, skal den kunne delast opp i fleire mindre einingar (bingar) eller skal det berre vere ei heilt enkel kve med ein inngang og utgang? Dette er spørsmål ein bør stille seg før ein set i gong med oppsettinga.

Ulike løysingar

Det kan vera store skilnader på samlekveer, både når det gjeld investeringar

og naturinngrep for å setja dei opp. Frå den enklaste varianten, der ein nyttar lettgrinder som ein plukkar ned att om hausten etter bruk, til store permanente anlegg med bygningar og eit stort yttergjerde. Felles for alle er at dei har ein inngjerding eller eit naturleg avstengt område der sauene vert haldne før dei vert sortert eller drivne vidare. I tillegg er dei aller fleste utstyrt med ein eller anna form for ledegjerde. Sjølv kvea kan bestå av tregjerde, netting og stolpar eller lettgrinder som ein hektar saman. Kva ein vel å bruke er stort sett smak og behag, men kan òg bestemast av lokale høve.

Store sankeanlegg

For å vise korleis eit større samle-



SANKEANLEGGET I EKSINGEDALEN: Først vert sauene drivne inn i hovudkvea til høgre, deretter sortert flokkvis langs drivrenna inn mot huset. So sorterer ein flokk for flokk etter påsett, slakt og oppføring. Dei som skal slaktast vert sendt rett frå kvea til slakteriet.

kveanlegg kan vere bygd vil me bruke eit konkret eksempel frå øvst i Eksingedalen i Hordaland. Her beitar sauene til Ove Holmås, styremedlem og leiar for Utmarksrådet i NSG.

For eit par år sidan søkte beitelaget til Ove Holmås om midlar frå Organisert Beitebruk for å byggje eit moderne og funksjonelt sankeanlegg. Dei fekk 180.000 kroner i støtte, frå SMIL-midlar, medan dei totale anleggskostnadene kom på 650.000 kroner, inkludert 700 dugnadstimar. Anlegget har eit hus med sorteringsanlegg i midten, medan dei nyttar fleksible lettgrindar ut frå huset for å laga drivegangar og mindre bingar. Heile anlegget er omkransa av eit tregjerde.

Det første som skjer når sauene kjem inn er at flokkane vert sortert kvar for seg. Måten det skjer på er at dyra vert ført inn i ei lang driverenne når dei blir jaga inn frå den ytre garden. Den lange driverenna har fleire trevegsdelarar som kan leda sauene ut i smågardar på sidene. Ein tek så flokk for flokk frå desse småbingane gjennom ei driverenne inne i huset i midten av anlegget. Her føregår sjølv sorteringa. Sauene vert drivne gjennom ei vekt og deretter gjennom ein trevegsdelar for sortering. Golvet på skiljeplassen er av strekkmetall og huset er romsleg med mange inngangar. 3-4 personar passar på at det flyt jamt med sau gjennom driverenna og inn til den som står og sorterar. Sorteraren har blankofullmakter frå dei andre saueigarane i laget på sorteringsarbeidet han skal gjera. Men han står sjølvstilt med lister frå kvar dyreeigar på kva dyr som er påsettlam og kven som er kåringskandidatar.

- Det er klart det kosta ein del dette anlegget her, men det er verdt kvar ei krone. Her får me god utnytting av den arbeidskrafta vi rår over. Når det står på som verst er dei fleste ute for å leite etter dyra, medan nokre få utvalde står her og gjer sorteringsjobben, seier Holmås. Han meiner at alle sankelag med ein viss storleik burde ha noko tilsvarende, men ikkje nødvendigvis like stort og omfattande som dette anlegget.

- Eit godt sorteringsanlegg lettjar arbeidet og styrkjer samhaldet i beitelaget, meiner leiaren i utmarksrådet. I fjor sendte beitelaget i Eksingedalen ca. 2.200 dyr rett frå fjellet til slakteriet,



Hjartet av sorteringsanlegget der sjølv sorteringa føregår. Dette er noko av dei mest funksjonelle anlegga ein kan tenkje seg.



Eksempel på ei samlekve av mellomklassen og kanskje den vanlegaste typen. Disse er forholdsvis enkle og rimelege, men det krev ein del arbeid dersom kvea må flyttast eller endrast.

og hadde ikkje dårlegare slakteklasse enn O+. Det går so mange dyr gjennom dette anlegget at dei disponerer ein eigen bil frå Nortura under sjølv hovudsanken.

Mellomløysing

Det finst sjølvstilt rimelegare løysingar enn anlegget i Eksingedalen. Ein mellomklasse som ikkje er so omfattande, men samtidig har ein solid



Sankefelle med smygegrind som lukkar seg ved hjelp av eit lodd. (Foto: Arne Flatebø)

løysing som fungerer godt. I slike tilfeller nyttar ein ofte vanlege gjerdestolpar og saueneetting for å laga kvea. Dette er ein relativt billeg og fleksibel løysing, men som likevel har stor bruksverdi.

Sidan også dette er ei permanent løysing, som krev ein del arbeid å fjerna, bør slike anlegg planleggjast godt før materialane vert frakta ut i terrenget og sett opp. Ein fordel med slike relativt enkle anlegg er at dei lar seg flytte eller kan endrast i form, om det skulle vise seg at dei ikkje fungerer etter hensikta. Men dei er vanskelegare å flytte eller endra på enn den enklaste varianten.

Enkle samlekveer

Den enklaste kategorien samlekveer er ein enkel bingje som består av samankopla lettgrindar. Den står ikkje permanent i terrenget og kan lett flyttast, alt etter behov. Ein unngår også trakk-skader på sårbare plassar, ved å flytte kvea litt til sida kvart år. Med 15-20 grindar er ein langt på veg, avhengig av kor mange sauer den skal ha plass til,

kor mange avdelingar (bingar) ein treng og kor lange ledegjerder ein bør ha. Sjølv om det heiter lettgrindar, veg grindane ein del likevel. Det er derfor ein fordel med motorisert tilkomst når ein skal setja opp samlekvea.

Sankefeller

Dersom du planlegg ei sankefelle, kan du godt nytte ei eksisterande samlekve også til det. Desse kjenner sauene til og kanskje er dei også vandt til å finne salt her.

Det er viktig å ha ein «felleløysing» som er enkel, men samstundes fungerer godt – at dyra kjem enkelt inn i fella, men ikkje ut igjen. Mange har laga det til slik at dyra kan hoppe ned frå ein avsats på oversida av fella. Denne må vere so høg at dyra vanskeleg kjem seg opp att. Ei anna løysing er å ha ei eller anna form for lukking av grinda. Det er mange måtar å gjere dette på. Ein kan nytte eit lodd som stenger grinda, lukke den med elastiske reimar eller ha hengsler som lukkar seg sjølve. Det er sær viktig å ha ofte tilsyn med sankefeller. Helst fleire gonger dagleg.

Del ideane dine med andre

På NSG sine nettsider under beiting, er det ein undermeny der du finn fleire døme på samlekveer, sankefeller og sorteringsløysingar. Dersom du har bilete eller teikningar av smarte løysingar du gjerne vil dele med andre, vonar vi at du kan senda desse til oss slik at me etter kvart kan leggje noko av det ut på heimesidene våre - til inspirasjon for andre.

Tekst og foto: Håvard Øyrehagen

Leine Merino

Ren Norsk merinoull med naturlig lanolin

Strikk og vevgarn:
1,2,3 og 4-tråds garn

Kardet og lett vasket merinoull til filting

www.leinemerino.no, mob 9771 5081
anders@leinemerino.no,

